



Øystre Slidre kommune

Næring plan og byggesak

Bygdinvegen 1989 2940 Heggenes

Jevne Bygg AS
Bygdinvegen 2177
2940 Heggenes

Delegert Sak

Dykkar ref.:

Vår ref.:

ROGTOR - 26/9465

Arkiv:

15/34, L42

Vår dato:

20.08.2026

Saksnr.	Utval
238/26	Kommunedirektør v/ næring plan og byggesak
208/26	Kommunestyret

15/34 - Tillatelse til tiltak - Tilbygg fritidsbolig

Tiltak: Tilbygg fritidsbolig
Byggjestad: Gbnr: 15/34
Tiltakshavar: Bjørnar Steen
Olav Duuns vei 5
3515 Hønefoss
Ansvarleg søkjar: Jevne Bygg AS
Bygdinvegen 2177
2940 Heggenes

Vedtak

Med heimel i plan- og bygningsloven §20-3, jf. §20-1, samt kommunalt delegasjonsreglement, godkjenner kommunedirektøren v/leiar av næring, plan og byggesak, ombygging av fritidsbustad på gnr. 15, bnr. 34, Tjednbakkvegen 47, i samband med søknad og vedlegg.

Følgjande vilkår ligg til grunn for vedtaket:

1. Alt avfall frå byggearbeidet skal leverast til godkjent mottak. Det er ikkje lov å brenne avfall på eigedomen.
2. Nye ytterveggar skal ha same stil, og påførast same farger, som noverande ytterveggar.
3. Tiltaket skal avsluttast med søknad om ferdigattest.
4. Privatrettslege tilhøve er ikkje vurdert.

Saksopplysningar

Jevne Bygg AS sendte på vegna av tiltakshavar inn søknad om tiltak.

Søknaden beskriv innbygging av takoverbygd areal på fritidsbustaden på gnr. 15, bnr. 34.

Eigedomen har arealformål fritid og er styrt av føringane i reguleringsplanen Tjednbakkadn – B.10. Tiltaket gir ei auke i BRA (bruksareal) på 9,63m², men ingen auke i BYA (bebygd areal)

Det er og beskriven oppføring av plattung på fritidsbustaden. Denne har høgde under 0,5 meter og gir ikkje telande bebygd areal.

Det er levert erklæring om ansvarsrett og det er vedlagt gjennomføringsplan med søknaden.

Tiltaket er nabovarsla utan merknadar. Det føreteke DOK-analyse av eigedomen utan treff av betydning for gjennomføringa av tiltaket.

Vurdering

Byggearbeidet er i tiltaksklasse 1, risikoklasse 4, og brannklasse 1.

Søknaden syner ei utviding av ytterveggar på eit allereie overbygg areal. Dette fører til at fritidsbustaden ikkje får ytterlegare tilført bebygd areal, kunn tilført bruksareal. Dette arealet er opplyst i søknaden til å være på 9,63m². Areal under 10m² BRA utløyser ikkje grunnlag for tillagt tilkoplingsavgift etter kommunal VA-forskrift.

Saka er i tråd med føringane i plan for området, det er ingen merknader til nabovarslinga, og det er ingen treff i DOK-analyse som påverkar gjennomføringa av tiltaket.

Vi set som vilkår om at dei ny veggane som skal oppførast i same utsjånad og stil som noverande stil på fritidsbustaden.

Erklærte ansvar i tiltaket jf. pbl §§20-3, 23-1 og 23-3

Føretak	Funksjon	Datert	Tiltak skl	Journaldato
Jevne Bygg AS 918119515	SØK Heile tiltaket PRO Ansvar iht. søknad UTF Ansvar iht. søknad	10.08.2026	1	14.08.2026

Teikningsdokumentasjon

Løyvet er basert på teikningar med journaldato 14.08.2026.

Føresetnader med heimel i lovverket

1. I tilfelle tilsyn eller kontroll, skal dette løyvet alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.
2. Det blir lagt til grunn at alle relevante funksjoner og ansvarsområde i tiltaket er dekket med nødvendig ansvarsrett jf. pbl §23-3.
3. Er tiltaket ikkje sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9.
4. Bygningen/ tiltaket må ikkje bli tatt i bruk før ferdigattest ev. mellombels bruksløyve er gjeve, jf. pbl § 21-10.
5. Bygningen/ tiltaket må ikkje bli tatt i bruk til anna føremål enn det dette løyvet føreset.
6. Det må utførast intern kvalitetssikring slik at tiltaket ikkje strid mot føresegn gjeve i eller i medhald av plan- og bygningsloven.
7. Skifte av tiltakshavar under gjennomføringa skal straks meldast til kommunen både av den opphavlege og den nye tiltakshavaren, jf. pbl § 23-2.

Vi gjer merksam på at det er høve til å klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet meldinga om vedtak er kome fram til klagar. Ev. klage skal setjast fram skriftleg til Øystre Slidre kommune, vise kva for vedtak det klagast over og kva for endring ein ynskjer i vedtaket. Kommunen kan gje nærare rettleiing om framgangsmåten ved klage. Partar har rett til å sjå dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19

Med helsing

Tore Rogne
Saksbehandler bygg

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift.

Mottakar
Bjørnar Steen

Olav Duuns vei 5

3515

Hønefoss